



PROTOKOLL

FRÅ

TELEFONSTYREMØTE

17. MARS 2014

(3/14)

Det blei halde telefonstyremøte i Fiskarlaget Vest mandag 17. mars 2014, kl. 1000.

Følgjande deltok: Kåre Heggebø
Mons Eivind Troland
Finn Magnus Alvestad
Helge Olav Vikshåland
Daniel Stenevik
Jarle Glesnes

Styremedlemene Frank Midtbø og Knut Arne Torget blei på kort varsel hindra i å delta.

Administrasjonen: Dagleg leiar Britt Sæle Instebø

- - - - -

Følgjande saksliste blei lagt fram for styret:

SAK 18/14 Endring i strukturkvotetaket og konsesjonskapasiteten for pelagiske trålarar – høyring.

SAK 19/14 Endring av læreplanen for Vg3, Fiske og fangst.

SAK 20/14 Orienteringssaker.

- - - - -

**SAK 18/14 ENDRING I STRUKTURKVOTETAKET OG
KONSESJONSKAPASITETEN FOR PELAGISKE TRÅLARAR – HØYRING.**

Brev av 18.02.14 frå Norges Fiskarlag.

VEDTAK:

«Styret i Fiskarlaget Vest viser til høyringsnotatet frå Nærings- og Fiskeridepartementet av 11.02.14 om saka.

Styret i Fiskarlaget Vest kan ikkje ut frå det framlagde talmaterialet sjå at det pr. i dag er noko «skrikande» behov for ytterlegare strukturering i gruppa pelagisk trål. Talmaterialet viser at pelagisk trål over tid har hatt den beste lønsemda, utanom ringnot, i havfiskeflåten. Nærings- og fiskeridepartementet argumenterer med at pelagisk trål bør få moglegheit til å bli like lønsam som ringnot. Dette kan vere eit poeng for framtida.

Styret i Fiskarlaget Vest meiner prinsipielt at strukturering, er eit godt verkemiddel for auka lønsemd.

Auka struktur er ei frivillig ordning, kor det einskilde rederi må gjera sine egne økonomiske vurderingar ut frå sin situasjon.

Samla sett vil styret i Fiskarlaget Vest gå inn for ei auka strukturering for gruppa pelagisk trål.

Ein forutset at nordsjøtrålarane, sjølv om dei ikkje er nemnd i høyringsnotatet, får like vilkår som pelagisk trål i høvet taket for struktur (loddekvoten frå kystgruppa blir handsama som i eksisterande ordning)»

Vedtatt mot ei stemme (Finn Magnus Alvestad).

SAK 19/14 ENDRING AV LÆREPLANEN FOR VG3, FISKE OG FANGST.

VEDTAK:

«Styret i Fiskarlaget Vest viser til mail av 06.03.14 frå Norges Fiskarlag om saka.

Det blir vist til at det er forslag om endring av læreplanen Vg3, Fiske og fangst, basert på endring i internasjonalt regelverk (STCW), for dagens læreplan inneheld ikkje nødvendig grunnlag for direkte opptak til maritim teknisk fagskule.

Styret i Fiskarlaget Vest er einig i dei foreløpige vurderingane frå administrasjonen i Fiskarlaget sålydande:

- «Det er viktig at fagplanen har et innhold som er relevant for dagens/morgendagens behov i fiskeflåten.
- Det er viktig at læreplanen for Fiske og fangst har et innhold som gjør at en kan kvalifisere seg direkte til opptak på teknisk fagskole.
- Det er viktig at utdanningen gir ungdommen muligheter for å benytte sin kompetanse bredt.»

I tillegg vil styret kommentere at utdanninga ikkje må bli for teoretisk, og at dei ulike linjene ikkje må utelukke kvarandre.

Om ein skal ta «en bredere gjennomgang av hele fagbrevsutdanningen, for å sikre at utdanningen er attraktiv, relevant og organisert på en god måte.» må ein setje ned eit utval for å sjå på saka.»

SAK 20/14 ORIENTERINGSSAKER.

- Kurs – påmelding.
- Maritim utdanning i Rogaland – skulestruktur (Helge Olav Vikshåland)

VEDTAK:

«Styret i Fiskarlaget Vest tar ovannemnde til orientering.»

Møtet var slutt kl. 1140.

Kåre Heggebø
Leiar

Mons Eivind Troland

Finn Magnus Alvestad

Helge Olav Vikshåland

Daniel Stenevik

Jarle Glesnes

Britt Sæle Instebo,
sekretær

